

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal engkultur.

Oppskr. av: E. Tidemann

(adresse): Kjerringøy

Fylke: Nordland.

Herad: Kjerringøy

Bygdelag: Os

Gard: Stranda

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Både, og. Er bonde og lærar, er 65 år og fødd i Meløy.

SVAR

Føreord: Eg har budd her i bygda i 27 år så nokko personleg kjenske til gamle skikke har eg ikkje, og det eg har er opplysningar av eldre folk. Dei personlege røynslingar har eg frå barneheimen, Bjævang i Meløy, Nord-Helgeland. Det som her vert skrive kjem difor både frå Bjævang i Meløy og frå Os i Kjerringøy.

1. Med eng meinte nok dei fleste dei markstykker (markvidder) som årvisst vart slegne. Marka bringse ikkje om å vera pløggd, men røtter og stein måtte vera rydda unda. Marka vart aldri gjødsla på nokon måte. Ein slog det som vaks og tok det som var. Var staden mindre og avgrensa fekk staden namn etter plassen eller skap. s. t. d. Løe-Engel eller Holm-Engel. Men var det fleire eng-stykker liksom samla under eit vart dei nemnd med det enkle ordet "engarn". Det har då i folkemålet vorte til "engen" eller "enga". I Meløy har vi både Engen og Enga som gardsnamn og i seinare år som personnamn. Der har vi og stadnamn som Engøy, Engarvik og Engnesset.

2
eller Enganesset. Alle desse nemningane
kjem av ordet eng nilla som utslätter.
Eg går då ut frå at vi i Nordland har
nytt ordet eng i omsnutt tydnad av
det dykk gjer i spørjelista. Det kan ko-
ma av at heimeböen var liten, og det
som var vart nytt til dyrking av
korn og seinare ^{av} potet. Føret til dära
tok dei i utmarka — på engann.

Her må eg nemna noko om sjølve
ordet: Vi seier ei eng, men i bände
form ein, ora, fleirtal einn, nann.

Her i Kjerringöj vert nemninga eng
brüka om all grasmark innanfor böarden
slik dykk nemner det i spørjelista. Då ein
slo i utmarka var det utslätter.

Ordet ekre (utt. akkra) er godt kjend.
Med ein „akkeråker“ meiner vi den åker
som det ifjor var korn i, bygg, haver eller
rüg, men som i år fekk ~~no~~ grasgro utan
å vera sådd grasfrö i. Føjet vi tok av ein
slik åker var akkerhöj eller akkra.

Allega var og er mark som ein
gong har vore åker, men ^{så} gått over til
völl. Vi rekna marka som völl tredje
sümaren etter ho hadde vore åker.
Dei to første sümrane var det akkeråker.

Vi hadde nemningar på grasel eller
marka og gjödslinga. Graset på ein
akkeråker var akkra. Var marka godt
gjödsla vart det feitgras; men der
völlen ikkje var gjödsla vaks det vollgras.
Var graset stult vart det til smähög.

Tütslättene skilde vi mellom det
vi slo i skogmarka — det vart til skog

2147

hög. Men det vi slo på myrane var det til
nyhög.

Her i Nordland har det vore nok av
utmark. Ingen har, det eg veit, tatt utskutt
på stalle ein ikkje kunne bruke lang-
vov, eller bladövr som vi nemner det.

2. Rydning. Her einaste vår måtte ein
"reinske eng". Småsteinen var plukka
ut av akkeråkrane og var ført bort.
grasbotnen måtte vera rein elles gjekk
det for hardt utover ljåg og slipsstein. I
utmarka måtte kvist og vindfall bli
plukka saman og lagt i dūngar og
skogen fjnnast noko så sol og vind
nådde nær til marka og så højet
kunne bli tørka på staden. Det av
kvist og tre som såleis var lagt saman
var nytt til sūmarbrenndet om ein
nådde fram til dūngane med hest
sūmarsdagen. I nokall fall var det
liggande til vinteren og kjørd heim
på vinterføret. Vart det ikkje det rotne
dūngane nær. Eg kjemmer ikkje til at
noko var bundt der ute i skogen.
I utmarka var det lagt mindre arbeid
på steinen. Det var mest som folket gjekk
ut frå at vi står her i år, det er i viss
om vi kjem hit til års. Ein arbeidde ikkje
der på "lang sikt" og så var det slik at
slattekarer heller gjekk rúndt om steinen
istadenfor å få steinen bort.

3. Mosevaksen eng. Her oppover Nordland,
trur eg, det ikkje var gjort noko for å
bli kvitt mossen utan det at jorda
var pløgd. Dei hadde på gardane sine

ikkje reidskap til det. Først i 1890 åra tok folk ein og annan til å så grasfrø i dei åkrane som skulle bli lagt alt. Det var då timotei dei sådde. Frøet vart kjøpt sør i landet. Det er først i dei seinare åra at bondene har teke til å avla grasfrø til eige bruk.

4. Myr og vassjuk eng. I 1886 vart det halde utskifting på immarken her i grunda. Ein mann fekk da lagt til bruket sitt ikring 40 mål myr som ingen andre ville ha då dei såg myrmark ^{som} verdlaus. Kvar immarksteig var på 30-40 mål. Dette klårlegg kva sjen folket hadde på myra. Det er først i dei seinare åra at folket har lært å gjera seg gagn av myra. Der har fjlkpesagronomane vore lærmeistarar for bondene. Var det så at einkvann våge seg i kast med å dyrka ein myrsteig så vart det tatt opne grøfter ut mot myrsteikket og nokre ~~lange~~ fers over. Grøftopp kaset vart kasta inn på myra og jamna ut, helst slik at det vart hindring til kvar hvergrøft så fløvatnet skulle finna kortaste vegen til grøfta. Alle grøfter eller veiter var opne. Dei opne veitene førde til at det vart mange bruer; men det gjorde mindre formarka vart slegen med gjøg. Då kunne dei slå om veitene gjekk aldri så lette. Værr vart det då slumaskuna kom.

Vatning av eng eller åker høyrde heran til, og det sjette han for rikeleg opp over Nordland - og gjer det framleis.

5. Djödsling. På spørsmålet om eng vart gjödsla med vintergjödsel kan ein svara

2147

V

5

både ja og nei. Til ikring hundraår
skiftet var hushalde hjå dei fleste hús-
lydane naturalkushaldning. Kvar
hústjød skulle arva sjølv det han kong
til mat og klede. Kvar gard måtte
difor ha hullet stor åkerodd om hús-
lyden skulle halda seg med det arjøl
hústjoden kong. Gjødsla frå stall og
fjås gjekk difor med til åkeren,
ja, i mange høve var det heller
for lite. Eg trur difor ein må seia
at vintergjødsla var aldri mykje
til eng og slett ikkje til utslått.
Vi omkr bak er det at sūmargjødsla var
kjørd ut og spridd på enga. Om så var
var det godt om hausten.

6. Folket her har ikkje hatt særskild namn
på ~~marka~~ den marka som var gjødsla
men grasel nemnde vi feilgras og var
halde for å verta godt fôr, ikkje berre
mykje men fôr av eit sers godt slag.

7. Eg har ikkje kjennskap til at nokon sette hūsa
sine med tanke på fôr, "undasing". Hústjød,
tjød, var tall etter andre grunsettingar. Koffendel
kan henda at ein jordeigar hadde noko slikt
i tanka når han peika ut hústjød til hús-
mannen sin. Her var einstilde jordeigarar
som syntte for at húsmanntjød hadde
godt undasing ner over ~~xx~~ enga til sjølv-
mannen. Det var jorda feil og grasel
vaks godt for húsmanntjød hadde offe mange
tingar. Húsmanntjød var god. Denne
måten å gjødsla vert kalla undasing. Det
einaste hūset som var sett med tanke
på undasinget var sūmarfjøs. Eg kjen-

mer ikkje til at nokon dyrka opp demmarka som tok mot undasiget.

8. Det var yffersl få som gjødsla engar då gjødselen gjekk med til åkrane. Men det kunne henda at ein eller annan hadde så lite åker at noko gjødsel var alt. Ho vart då spreidd på engar straks eller våronna med dei same reidskap og på same måten som ein spreidd fræne på åkeren: Ein hakka gjødsla sund i frænskuret med eit vanleg potetgrev og la frænen i frævogna bekkvogna med ei vanleg møkkes griip. Ute på marka vart frænen spreidd jamt ut over vollen med same griipa. Ein spreidd eller tok møkkes ut av vognekista med griipa.

Når ^{alt} vart spreidd var det å slaga frænen i ein ball i hop nokre bjørkeskatt og fusta denne droga til hjuldråge. Hjuldråge er det som er alt ~~ut~~ av bekkvogna når vognekista er full av. Så klynde ein rundt og drog bjørkeskatta eller seg. Frænen vart på denne måten målen sund og grüdd betre ner i marka. Jan hadde lettare for å gro mer. Denne måten å gjødsla engar på er endå i bruk i bygdene her. Men så er her òg gardar som har rådd seg til meir tidhøvelege reidskaper som gjødselspreidarar o. l.

9. Eg kjenner ikkje nokon her i bygdene let husdyra beita eng og utslatter med tanke på gjødslinga. Husdyra beita nok heimebøen både haust og vår; men det var for å spare seg for innføringa. Eg kjenner ikkje til at nokon

rekna med færinga. Dei som let dyra beita eng og utslätter om våren gjorde det av den svarte naida som då rådde i fjøret. Dyra måtte helst ikkje koma på eng og utslätter om våren. Det var mindre høij då.

Om hausten var det omorlis. Når avlinga var kome i hus var det „slept over“ d. v. s. husedyra kunne då gå som dei ville og kvar dei ville både på åker, eng og utslätter utan skil.

10. Her i bygda - og gjerne i dei fleste bygdene er haustbeiting endå i bruk. Men vårbeiting er det heilt slutt med. Kva tid det slutta er det rådlaust å seia noko om for som nemnd er i bolk 9 har det lite eller ikkje vore nemnande vårbeiting. Men var det så at ein kvar driv med vårbeiting i rettelig gamle dagar så er det no heilt slutt.


11. Den gjødsla hestar og kyrer la eller seg når dei gjekk fritt på beite var det ikkje godt noko med. Det var ikkje tid til å gå rundt og leita opp slike gjødseltrær - stellt ikkje om hausten. Om våren kunne det henda at ei eller anna rúa var fænnen når engar var reinska. Då var gjødsla gagarlaust og var ført bort med anna rusk. I malegjødsla var bork eller kvart på marka - herne var det ikkje noko brjmed.

12. Sūmarfjøs er ikkje så sers gamal i grundene her og mange er det som endå ikkje har det no heller. Og trur gjerne at her i bygda er det fleire som ikkje har sūmarfjøs enn som har. Sølalen går på fellet sūmaren og halve hausten og kyrne vert ~~at~~ tekne inn i vinker

fjøset. Der som rådde seg til sūmarfjøs har sett det i ~~grens~~ ~~med~~ mellom ein og utmark om det på nokon måte kunne høva seg slik. Der som ikkje var fjøset sett på den innmarksteigen som låg nærast utmarka. Her i Salsen er det så lite om byggingsemne at ~~der~~ ingen har råd til å ha meir enn eit sūmarfjøs. Sūmarfjøs gjødsla var, og vert helst spreidd om høvsten om ein ikkje må ha gjødsla til våren for å ha ho i akeren.

13. I gamle dagar då det var rovdjnr i fjellet varg og - eller bjørn - måtte folket gjeta buskapan. Då tok dei djra heim om kveldane og stengde dei inne i grindane for matte og "gaga ut" om morgonen. "grinnarn" hadde dei både storfeet og småfeet. Var plassen alt for liten kenda det at kjørne gjorde skade på småfeet og mang ein sauspel var gjort stultare av ei kruklaure. Og kjenner ikkje til at nokon hadde meir enn eit sett grinder.

14. Grindene var sett ut, så snart været var så varmt at djra kunne ligge ute. Ein matte hatt grinder



eller buskapan. Var det berre i ku eller to med 2-3 saue var 4 grinder nok. ~~Stodde~~ ein større buskap kunne ^{dei} bli sett saman 2 grinder i lengda og 1 i breidda, eller 2 i kvar av dei 4 balkane, eller 3 i langbalkane og 2 i tværbalkane, eller 3 grinder i kvar av dei 4 balkane. Men meir har eg ikkje kjennskap til at det nokon gong var bruka. Grinda var laga av 2 stolpar og 4 eller 5 remmer. Remmene måtte ikkje

vera så langt frå kvarandre at nokon av småfeet smång ut, og så høg måtte grindene vera at ingen hoppa over. No kunne det henda at eit eller arma nautet (ku eller geit), hoppa over." Det dyret vart lagt band på og bände i grindestolpen utafor grindene. Grindene vart flytta kvar dag, helst om ein hadde storfe med der. Hadde ein berre småfe kunne grindene stå 2, 3 dagar mellom kvar gong dei vart flytta.

To grunder vart bände saman på den måten at 2 hol vart stoppa i jorda høveleg langt frå kvarandre, eit hol til kvar stolpe. 2 grunder vart sett mot kvarandre med stolpen nær i kvar sitt hol og bände saman oppe med ei "öha" (örja), h = hjukk l. Vart grindene flytta kvar dag kunne ein grindgå eit stort stykke eng på ein sumar. Der ein grindgjekk för 1. juli slog ein hö ut i august eller september, men elles vart höa stekje slegen för neste år. Grindene vart flytta både på enga og dei næraste utslåttene. Gjødsla eller storfeet vart slegen utover med ei mökkerklappa

Mökkkerklappa.

Etter at grunder er i bruk no. Det er folk i 60-80 åra

som no kan fortelja om grindgong i deira barndom. Grunden til at grindgongen slutta, trur eg, kom av at rovdyra, björn og varg, vart borte. Smalen kunne så bli sleppt på sjövestyr i fjellet og til kjørne vart det laga sitmarfjös.

X

eller ein kunne lesvint ta dei heim til vinterfjösset. Samstundes vart det slutt med gjatinga.

15. På spørsmålet om det vart halde vakt ved grindene kan det bli svara både ja og nei. På den lida vargen ^{var} ~~er~~ älmen opp over Nordland - 1830 - 40 - 50 åra var det ikkje tale om å ha djura i grindene. Då måtte djura vera i vinterfjösset både sumar og vinter. Eg har det etter mine besteforeldre. Så vart vargen borte og ein hadde berre björnen å slåst mot. Då nytta folket grindar. Vart björnen for nærøken vart det halde vakt ved grindene, eller hendt bål, eller grindene sett så nær inn til husa som råd var. Likevel kunne björnen koma. Min far låg på sekka i 12 årsalderen med si farmor berre dei to. Det var ut på transter med møkke netter. Dei oftast for björn og grindene var sett inn til selet. Ei natt vakna dei av brøl og beljing frå hjörne. Björnen var ved grindene. Den 70 års gamle kvinna sprang beinast ut av senga, festa björkenever i ein stav, hendt varme i nevra og sprang ut og bort til grindene. Eit par gonger sprang ho rundt grindene med den logande neverkrutten i handa, så bråvende ho og møtte björnen just ved eit hjörne. Ho sende varmløgen rett i nasen på björnen som illbelja og sette til fjells. Men alle djura var berga.

På ein annann gard heldt dei vakt ved grindene. Det var sjölvmannen på garden og knestgjenta som ~~dei~~ ei natt hadde vakt. Sonen til denne mannen fortalde også til meg

slik: "Med han far lög og ekspederte
 sausa hoppa björnen inn i grinnan
 og tok ein sau". Min heimelsmann ville gjerne
 bruka framandord og misstok seg på konversert
 og ekspederte. — ~~At~~ nokon laga skram-
 sel åt björnen var og kjend i gamle dagar.
 Oftast var det laga av ein kornstaur
 med eit tværtre oppe på stauren. På
 tværtreet vart kledd ei gamal krøye, ein
 skinnstakk e. l. På toppen ein hatt. Vart
 det så vind blafra krøye og såg skram-
 sel ut. Dette var björnskrama. Sum-
 ta ut sjölvskot til björnen, andre sette
 gamle ljagar i marka rundt grindene,
 for björnen skulde vera redd jarn, helst
 ljagar. Og kjanner ikkje til at nokon
 bygde vakthus ved grindene.

N. Når gjataren kom heim med bölinga
 om kvelden skulde budeia ha grindbette
 med til gjataren. Summe nemnde matbitten
 gjatarbette. Det skulde han ha av di
 han var flink gjata, og kom heim med
 alle dyra. Gjatarbetten-grindbetten-
 skulde vera ein brödleiv med ryome på.
 — ryombette - eller ein skongkarring.

Ryombetten var den mest vanlege. Og
 gjataren turoste ein slik bette for han
 vart frukost halvju om morgonen, for
 han måtte "jaga ut" klokka 7. Middags-
 mat fekk han til seg ut i marka i 1-2 tida og
 så var det ikkje mat for han kom heim
 om kvelden i 7 tida. Denne stikkjen var
 vanleg i 1880-90 åra. Men sking 1850-60
 "premiurna" dei. Då jaga dei ut
 i 4-5 tida om morgonen og jaga inn

og mjølka i 10-11 tida. Så gaga dei ut at kl
 7 om ettermiddagen og kom heim at kl 7
 om kvelden og mjølka. Då åt fjøringen
 middagsmaten heime, Men om med seg i
 gjelleskogen hadde han ikkje i noke høve
 18. Slikt sæefjøs som det her er spurd om
 er ukjend av meg.

19. Dei der nemnde brøda er ukjend i den ~~den~~ sa-
 manheng det er spurdnad om.

20. Her i Hjørringøij har ikkje vore sater. I Melig
 var det ein 2-3 gardar som hadde sater. Så kva
 sater var det skållemark, No er det berre ein att.
 Dei andre er nedlagt. Satervolven vart gjødsel
 ved grindgæing

20. Det vart i dei fleste høve så att for lite
 gjødsel i gamle dagar. Det var jo berre den faste
 dyregjødsela det vart tatt vare på, og ho gikk
 med til åkrane. Som attal-gjødsel vart
 mjølla både silde, fiskearfalt og av og til tang.
 Både silde og fiskearfallet vart spreidd ut over
 marka. Men det var det leide med denne gjøds-
 lingsmåten at storparten vart oppete av
 måsen. Om ein spreidde eit lass silde på
 marka iine dagen kunne der ikkje vera
 ei silde att andre dagen om det hørde godt
 for måsen. Tume blanda silde med myrjord
 til kompost. Men det var eit både tungt og
 seint arbeid, og kompost-gjødsla måtte helst
 bli mjølla i åkeren. Fiskehovud og ryggar
 vart og mjølla som gjødsel; men dei måtte bli
 pløggd ner. Det same og med tangen; ein
 måtte pløja det ner. Det vart for bysamt i slakta
 om ein spreidde det på unga.

Hjørringøij i oktober 1948
 Tidmann
 (bonde og lærar)

E. Tidemann


Nordland.
Kjerringøy.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over sksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten bthake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Min innretning som bynt ovafør til
vassbæring er ukjent i Nordland.

eg kjenner heller ikkje til at nokon har
bruka tørka fiskehovud eller ryggar til
brensel og heller ikkje kumøkk. No kan
det jo henda at folk ute på dei yttste
holmane kan ha bruka noko slikt. Der er
dei fri både for ved og torv. Men som

nemnd, er. sa har ikkje raka på
stike tilhøve små, og har brudd
både i Vestreålen, Lofoten, Salten
og ymse stader på Helgeland.

Lervangveg i oktober 1948
K. Adenman

2148

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING